

SØKNAD OM DISPENSASJON

For tiltak på følgjande eidegdom

Gnr.	32	Bnr.	97, 98 og 99	Fnr.:	
Adresse	Bjørkeneset				
	5981 Masfjordnes				

Søknaden sendes inn av

Namn tiltakshavar	Rolf Einar Andvik		
Adresse tiltakshavar	Bjørkeneset 18, 5981 Masfjordnes		
Kontaktperson	Bjørn Rune kvinge		
Telefon	456 03 190	e-post-adresse	post@brkvinge.no

Vi søker om dispensasjon fra , sett kryss for det riktige (jfr plan- og bygningslova kap 19)

	Plan- og bygningslova (pbl)
	Byggteknisk forskrift (TEK17)
	Kommuneplanens arealdel
	Kommunedelplan for:
X	Reguleringsplan (områdeplan, detaljplan, bebyggelseplan) Anna, beskriv:

Vi søker om dispensasjon fra følgjande krav i lov/forskrift

1. Reguleringsplan for Bjørkeneset ID 1266-2017002 formål BBS2-småbåtanlegg
2. Reguleringsplan for Bjørkeneset ID 1266-2017002 formål friluftsføremål
- 3.

For å kunna byggja / utføra følgjande tiltak

Opparbeide kaifront framfor nausta

Tiltak for å sikre trygg tilkomst til sjøen for allmugen innafor areal avsett som friluftsområde i planen

Vi søker om (sett kryss)

X	Dispensasjon etter § 19-1 (permanent)	
	Dispensasjon etter § 19-3 (midlertidig)	fram til dato

Grunngjeving for dispensasjonssøknaden

Det er sendt søknad om løyve til tiltak der det er søkt kaifront i framkant av 3 naust i rekke. Det er også søkt om avtrappende rampe med høgde tilpassa terreng.

Kommunen skriv i brev av 16.06.2022 «Førebels svar» at kommunen vurderer at det er nødvendig å søkja dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for desse to tiltaka.

Kaifront

Denne skal byggast i området (BBS2 småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandlinje) Tekst i punkt 1,7 i reguleringsføresegner er slik:

Innanfor området kan ein etablere båtopptrekk og kaipirar. Ved tiltak / bygging skal det ligga føre samla plan (tiltak i sjø og på land) for den aktuelle naustrekka ved søknad om løyve.

- *Fortøyingsbøyer for småbåtar skal ikkje ha større avstand frå land enn 10 meter.*
- *Det er tillate for utlegging av 1 flytebrygge; maks lengde 18 meter for kvart området (BBS1 og BBS2)*

Strandlinja der areal er avsett til formål BBS1 og BBS2 er over 200 meter langt og har ulike strandforhold og utforming av botn utanfor. Tekst i føreseigner «kan ein etablere båtopptrekk og kaipirar» vil være ei god løysing for store deler av naustområdet og dette er også bygget. Men for ein del naustplassar vil ei slik løysing være vanskeleg å finna praktisk god løysing på. Det er for enkelte naust valt ei løysing meir som kai enn kaipir.

Med dette som utgangspunkt tolka tiltakshavar føreseigner som ikkje absolutte på dette punktet og sökte om kai i betong i høgde med nausta og ein litt nedsenka kaifront i tre.

Dette valet er begrunna slik:

Nausta som skal byggast her er sørka 1,2 meter lengre enn det dei fleste andre nausta i dette naustområdet er, det er fár å kunna ta opp og få i naust båtar som er lengre. Dette er i samsvar med godkjent reguleringsplan.

Arealet der naust og båtopptak skal etablerast er i djupne avgrensa av strandlinja utover og føremålsgrensa innover der det etter tomtearbeit er ei høg fjellskjæring. Det er litt ulik bredde frå eine enden til den andre og på det smalaste er også marebakken brattast. Å få ei løysing med tenleg tilkomst bak nausta og kaipir og båtopptrekk vart av den grunn sett på som vanskeleg å få til å fungere i praksis. Enten vart opptrekket for bratt eller så kom ein ut på så djup sjø at det utan omfattande fylling i sjøen var vanskeleg/umogleg å få etablert botn til å støypa opptrekk på. Det vart difor valt ei løysing der nausta er trekt inn på tomtten, berre gangveg mellom naust og fjellvegg. Så er det planlagt kai med bredde nok til å ta opp båtar med ein liten kran, få dei snudd på kaien og tilnærma flat betong inn i nausta, dette utan fylling i sjø. Det er da også plass å få tunge varer (for eksempel påhengs) over kaien og inn i naust.

Areal betongplate på denne kaien vert vesentleg mindre en areal på eit båtopptrekk i betong. I tillegg er det planar om ei mindre avtrapping frå betongkaien mot kaifronten bygga i tre. Da vil det ved denne kaifronten være djupne nok til ein liten båt og den vil kunna nyttast til i land og om bord stigning ved noko lunde gunstig flo/fjære.

Ytste kanten av denne kaien er lenger inne enn kaipirer på naboeigedomar. Kaifronten får ei dempa høgde med avtrapping og med tre i front vil den visuelt få eit godt estetisk uttrykk. Det vil være ein fin og funksjonell kai som ikkje vil være til hinder for nokon anna.

Tiltakshavar meiner denne tilpassinga i forhold til det formål arealet har i reguleringsplanen ikkje avvik fra intensjonen med planen. Denne utforminga vil ikkje ha noko ulempe for nokon og fordelane for tiltakshavar / nausteigarane er store.

Avtrappande rampe med høgde tilpassa terreng.

For nausteigarar er det tilrettelagd på eigen grunn for å kunna koma seg på sjøen både med båt og om ein vil bade. Andre som ikkje ynskje ta seg inn på privat grunn har lite moglegheit på ein sikker måte både å koma seg ut i båt men også å koma i nærheita av sjøen. Det er bratte svaberg langs hele strandlinja utanfor hytteområdet. Areal utanom areal for bygg og veg er regulert med formål friluftsområdet LF1 – LF5.

Tekst i føresegner for dette føremål seier:

Området skal i prinsippet være slik det er i dag (uendra bruk)

Kratt og/ eller skog kan fjernast. Skrentar med fare for fall, kan sikrast med gjerde.

Etter avtale med grunneigar kan det etablerast gangstiar, utsiktspunkt, rasteplassar mv i området, utan store terrengrøp. Gangstiar (maks bredde 1,5 m) må tilpassast terrenget.

Området skal være ope for fri ferdsel. Alle kan nyttja etablerte tiltak i området.

Når det i tekstu i føresegner er skrive gangstiar, utsiktspunkt, rasteplassar med videre var tiltakshavar trygg på at dette omsøkte tiltaket var innafor krava sett i reguleringsplanen. Kommunen har gjort ei anna vurdering og dei har mynde til det.

Vonar likevel det i handsaminga av dispensasjonssøknaden vert lagt vekt på den positive verknaden dette har for området og ikkje minst for tryggleiken for dei som ynskje koma seg til/på sjøen. Estetisk vil tiltaket være tilpassa terrenget og framstå som ein trygg plass å koma seg ned til sjøen for fiske eller bading. Tiltaket vil ikkje være dominerande eller skjemmande for området. Det er ikkje mogleg for tiltakshavar å sjå negative forhold ved tiltaket.

Signatur


tiltakshavar

ansvarlig søker

Rolf Einar Andvik

04.07.2022


dato


signatur

Bjørn Rune Kvinge

04.07.2022

dato


signatur

Vedlegg

Type vedlegg	datert	vedlagt
Kvittering for nabovarsling		X
Situasjonsplan	02.05.2022	X
Teikning	02.05.2022	X
Utale frå offentleg etat		
Andre vedlegg		